

hamlet ist tot. keine schwerkraft

av Ewald Palmetschofer (Austerrike)
Norsk tittel: *hamlet er død. inga tyngdekraft*
Omsetjing: Astrid Sverresdotter Dypvik

Regi: Øystein Ulsberg Brager & Philip Thorne
Medverkande: Elisabeth Sand, Per Schaanning, Elisabeth Hagli Aars, Sveiving Oppegaard, Kirsti Stubø & Torgny G. Aanderaa

Regiassistent: Espen Hjørt
Dramaturg: Otto Homlung

Forlag: S. Fischer Verlag GmbH/Nordiska

Takk til: Norsk Skuespillersenter, Siri Nicole Ingemann, venner og familie

Delar av teksten er stroken. Om du er interessert i å lese teksten i heilskap kan du kontakte OIT på oslointernasjonaleteater@gmail.com

Nokre ord frå regissørane

I *hamlet er død. inga tyngdekraft* møter vi seks karakterar som prøver å finne ein måte å fortelje historia si på. Det er som om dei har blitt rivne ut av verkelegheita og plasserte framfor ein jury - publikum. Teatret har blitt rettsalen deira, og dei må prøve å forklare kva som skjeddde, kva dei følte, korleis det heile eigentleg var. Ei oppgåve dei ikkje ser ut til å få til med særleg mykje hell. Stykket har dramaturgi som ei nesten tom ketsjupflaske. Du veit, når du ristar og ristar for å få litt ketsjup ut men det kjem ingenting, og så, plutselig, kjem alt på ein gong og du får alt for mykje ketsjup på nølsa? På same måten prøver rollefigurane igjen og igjen å fortelje historia si i desperate rykk og napp, før dei plutselig mot slutten sprutar heile historia ut som ein uoversikttleg kladeis. *hamlet er død* handlar om det å feile, formulert både gjennom den nøyaktige (om enn kompliserte) strukturen, og gjennom dei fortvilte og tragikomiske utbrota til rollefigurane. Om det å ikkje takle dei utfordringane livet gir. Om kor umogleg det er å kommunisere, og kor frustrerende det er å ikkje få det til. Korleis motgang avlar einsemd - eller usunn tosemd. *hamlet er død. inga tyngdekraft* er eit elegant/brutalt/lattervekkjande familiedrama frå tida etter naturlovene, der det viktigaste spørsmålet er: Treng du tyngdekraft for at nokon skal falle for deg?

- Philip Thorne og Øystein U. Brager

Om stykket

Søskenparet Dani og Mani oppdagar at vennene deira er gifte med kvarandre og dei er etterlatne med ingen. Stykket handlar om å vere utanfor i sitt eige liv. Om korleis verda har gitt opp, bortsett frå bestemor som nekter å dø, til fortvilning for alle, og korleis politikk ikkje eksisterer utanom det du føler.

Om dramatikaren

Teaterbladet Theater Heute kalla i 2008 den austerrikske dramatikaren Ewald Palmetschofer "årets mest lovande forfatter". Sidan han i 2007 tok tyske teaterscenar med storm med prisvinnande *hamlet ist tot. keine schwerkraft*, har Palmetschofer provosert og utfordra det tysktalande publikummet.

Det er liten tvil om at Palmetschofer er den mest spennande, nye stemma i austerrikk teater nett no, og stykka hans vert spelte ved mellom anna Schauspielhaus Vienna, Schaubühne Berlin, Theater an der Ruhr Mülheim og Schauspielhaus Dresden. Andre stykke inkluderer *Das Ende kommt schon noch* (2008), *faust hat hunger und verschluckt sich an einer grete* (2009) og *Körpergewicht. 17%* (2009).

Om OIT

Oslo Internasjonale Teater produserer jamleg dramatiserte lesingar av internasjonal samtidsdramatik som ikkje har vore omsett eller spelt i Noreg tidlegare. OIT er eit tilbod til dei som er interesserte i samtidsdramatik og ønskjer å oppdage nye dramatikarar og skodespel, anten det er teater, frie grupper eller teaterskapparar på utikk etter stykke å setje opp, dramatikarar som ønskjer inspirasjon til sitt eige arbeid eller vanlege teaterpublikummarar som ønskjer å sjå nye verk. Vi har eit breitt, internasjonalt nettverk som vi brukar i arbeidet med å oppdage dramatiske verk. OIT vert drive av det internasjonale teaterkompaniet Imploding Fictions.



Ewald Palmetschofer (foto: Ruth Deibel)

Stykke OIT har gjort så langt

White Rabbit, Red Rabbit av Nassim Soleimanpour (Iran) / *Motortown* av Simon Stephens (Storbritannia) / *Sannheten Skal Frem* av Jordan Seavey (USA) / *The Mercy Seat* av Neil LaBute (USA) / *Hodefotingen* av Esther Gerritsen (Nederland) / *Medealand* av Sara Stridsberg (Sverige) / *Nattblind* av Darja Stocker (Sveits) / *Porseten* av Chay Yew (Singapore) / *De Onde* av Niklas Rådström (Sverige) / *Flap and fear* av Darren Leigo (Storbritannia) / *Her står tittelen til dramaet om Ante* av Ivor Martinic (Kroatia) / *Sort Dyrs Sorg* av Anja Hilling (Tyskland) / *The Fever* av Wallace Shawn (USA) / *Forsøk på livet* av Martin Crimp (Storbritannia) / *Sju jødiske barn* av Caryl Churchill (Storbritannia) / *Sju andre barn* av Richard Stirling (Storbritannia)


Er du interessert i å setje opp eit av stykka som OIT har presentert? Vi hjelper gjerne til med å formidle kontakt i samband med rettar for både originalverket og omsetjinga.

www.oslointernasjonaleteater.com

www.detnorsketeatret.no

det norske teatret

i samarbeid med



presenterer

hamlet ist tot. keine schwerkraft

av Ewald Palmetshofer (Austerrike)

Ei dramatisert lesing

Onsdag 6. juni kl. 19.00, torsdag 7. juni kl. 19.00
og onsdag 13. juni kl. 19.00

Scene 3 på Det Norske Teatret

DRAMATISERTE LESINGAR VÅREN 2012

OIT & Det Norske Teatret presenterer:

THE DIAMOND STARS av Maya van den Heuvel-Arad (Israel)
15. - 16. mai kl. 19.00

FIXER av Lydia Adetunji (britisk-nigeriansk)
23. - 25. mai kl. 19.00

CLYBOURNE PARK av Bruce Norris (USA)
31. mai - 2. juni kl. 19.00

HAMLET ER DØD av Ewald Palmetshofer (Østerrike)
6. - 13. juni kl. 19.00

FEM DAGAR I MARS av Toshiki Okada (Japan)
14. - 16. juni kl. 19.00

Billetter: www.detnorsketeatret.no / 22 42 43 44



OIT er drive av Imploding Fictions

www.oslointernasjonaleteater.com

det norske teatret



NORSK
KULTURRÅD



STIFTELSEN
FRØTT ORD